



VIK KOMMUNE
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lill Mona Solberg, 5764 3105

Varsel om felles nasjonalt tilsyn med Vik kommune – grunnskuleopplæring for vaksne

Fylkesmannen i Vestland skal føre tilsyn med Vik kommune med tema grunnskuleopplæring for vaksne. Temaet er eitt av fleire tema som Utdanningsdirektoratet har vald ut for felles nasjonale tilsyn på opplæringsområdet i perioden 2018-2021. Tilsynet vert opna med dette varselet.

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemnda.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Vik kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrift. For å kontrollere dette undersøker vi kommunens praksis ved Vik vaksenopplæring. I dette tilsynet er Vik kommune vald ut på bakgrunn av at kommunen tilbyr grunnskuleopplæring til vaksne inneverande skuleår. Tilsynet vil bli gjennomført som eit dokumenttilsyn. Dersom det blir aktuelt å gjennomføre intervju vert dette avtalt seinare.

Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er grunnskuleopplæring for vaksne. Under dette temaet vert desse punkta kontrollert:

Grunnskuleopplæring for vaksne: Rettleie og behandle søknadar (RefLex)

1. Gje rettleiing og vurdere retten til vaksne som ynskjer/søkjjer om grunnskuleopplæring, kartleggje opplæringsbehov og gjennomføre realkompetansevurdering.
Forvaltningslova §§ 2, 11, 17 og kapittel IV og V, opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2, 4A-8, 5-3 og forskrift til opplæringslova §§ 4-3, 4-4, 4-13 og 4-33a.
2. Gjere vedtak som oppfyller opplæringsretten og oppfyller krava til enkeltvedtak, samt å sette i gang opplæringa.



Opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2, 4A-12 og 5-3, jf. 4A-8 og 5-1, forskrift til opplæringslova § 4-1 og forvaltningslova §§ 2, 11a, 23, 24, 25 og 27

Skuleeigars forsvarlege system: Rettleie og behandle søknader (RefLex)

3. Kommunen sitt forsvarlege system for å følge opp rettleiinga og handsaminga av søknadar.
Opplæringslova § 13-10.

I Utdanningsdirektoratet nettbaserte eigenvurderingsverktøy RefLex¹ finn de under temaet *Grunnskuleopplæring for vaksne* både eigenvurderingsspørsmål og oversyn over kva reglar som gjeld for dei ulike temaa.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

Vik kommune og Vik vaksenopplæring fyller ut eigenvurdering og sender inn dokumentasjon via RefLex slik:

Tema: Grunnskuleopplæring for vaksne: Rettleie og behandle søknader

Rektor: Vi ber rektor om å fyller ut eigenvurdering og leggje ved understøttande dokumentasjon under dette temaet i RefLex.

Lærarar: Vi ber tre lærarar (gruppesvar) om å fyller ut eigenvurdering under dette temaet i RefLex.

Tema: Skuleeigars forsvarlege system: Grunnskuleopplæring for vaksne

Skuleeigar: Vi ber skuleeigar om å fyller ut eigenvurdering og leggje ved understøttande dokumentasjon under dette temaet i RefLex.

Innsending i RefLex

Vik kommune som skuleeigar logger på i Reflex og inviterer rektor ved Vik vaksenopplæring til å fyller ut ei (1) eigenvurdering i RefLex, jf. lista over.

Rektor ved Vik vaksenopplæring inviterer representanten som skal fyller ut eit (1) gruppesvar for lærarane i RefLex.

Merk gjerne eigenvurderinga som til dømes «lærarar ved vaksenopplæringa» og «rektor ved vaksenopplæringa».

Når eigenvurderingane er ferdig utfylt, sender lærarane svaret til rektor, som vidare sender Vik vaksenopplæring sine eigenvurderingar til Vik kommune som skuleeigar.

Vik kommune ferdigstiller og gir Fylkesmannen tilgang til dei utfylte eigenvurderingane.

Vik kommune som skuleeigar fyller ut ei (1) eigenvurdering i Reflex og gir Fylkesmannen tilgang til denne, jf. lista over.

¹ <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>



I tillegg ber vi om dokumentasjon av

- enkeltvedtak om rett til grunnskule opplæring for vaksne,
- enkeltvedtak som konkluderer med ikkje rett til grunnskule opplæring,
- enkeltvedtak om rett til spesialundervisning, tilhøyrande sakkunnig vurdering og IOP
- enkeltvedtak som konkluderer med ikkje rett til spesialundervisning
- eventuell søknad om realkompetansevurdering, tilhøyrande vedtak om realkompetanse og kompetansebevis

Vik kommune skal sende inn tre enkeltvedtak av kvar type. Denne dokumentasjonen må sendast med vanleg post.

- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden til kommunen.
- Vi vurderer vaksenopplæringscenterets praksis opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, skriv vi ein førebels rapport. De kan uttale dykk om innhaldet i den før vi eventuelt lagar ein endeleg rapport med rettefrist.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på vår heimeside.
- Dersom vi framleis finn brot på regelverket etter rettefristen, gjer vi eit vedtak om pålegg.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglane for framgangsmåten vi har beskrive ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningslova § 16.
- Rettefrist før vedtak med pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

Førebels tidsplan ser slik ut:

15. august 2019	Frist for innsending av dokumentasjon
30. august 2019	Utsending av førebels tilsynsrapport
	Tilbod om ev. sluttmøte
23. september	Utsending endeleg tilsynsrapport
22. desember	Ev. kommunens frist for tilbakemelding etter endeleg rapport

Frist for innsending av dokumentasjon

Frist for innsending av dokumentasjon og eigenvurderingar med vedlegg i RefLex er 15. august 2019.

Vi ber kommunen arbeide ut eit oversyn over dokumentasjonen som blir sendt inn.



Kontaktpersonar hos Fylkesmannen i Vestland

Lill Mona Solberg, seniorrådgjevar og tilsynsleiar
telefon: 57 64 31 05, e-post: fmsfLMS@fylkesmannen.no

Andreas Bratshaug Stenersen, seniorrådgjevar
telefon: 555 72 169, e-post: fmhoabs@fylkesmannen.no

Vi ber skuleeigar om å melde tilbake kven som er kontaktperson for tilsynet ved Vik vaksenopplæring og Vik kommune innan 10. juni 2019.

Med helsing

Helge Pedersen
Seniorrådgjevar

Lill Mona Solberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent